




Sunnfjord  
kommune

# Retningslinjer for sal- og skjenkeløyve i Sunnfjord kommune 2024–2028

Vedteken i kommunestyret i sak 082/24 den 26.09.2024

- Oppdatert med endringar gjort i sak 026/25 den 24.04.25 og sak 059/25 den 19.06.25



# Innhald

|          |                                                                        |          |
|----------|------------------------------------------------------------------------|----------|
| <b>1</b> | <b>Innleiing.....</b>                                                  | <b>3</b> |
| 1.1      | Formålet til alkoholova.....                                           | 3        |
| 1.2      | Målsetjingar for ruspolitikken i Sunnfjord kommune.....                | 3        |
| 1.3      | Formålet med retningslinjer for sal og skjenking av alkohol.....       | 4        |
| <b>2</b> | <b>Retningslinje for sals- og skjenkeløyve .....</b>                   | <b>5</b> |
| 2.1      | Gruppeinndeling alkoholholdig drikk:.....                              | 5        |
| 2.2      | Vinmonopol.....                                                        | 5        |
| 2.3      | Salstider.....                                                         | 5        |
| 2.4      | Bryggeri.....                                                          | 6        |
| 2.5      | Konseptbeskriving .....                                                | 7        |
| 2.6      | Tal skjenkestader .....                                                | 7        |
| 2.7      | Enkeltarrangement for ungdom under 18 år.....                          | 7        |
| 2.8      | Generelt skjenkeløyve.....                                             | 7        |
| 2.9      | Utearrangement.....                                                    | 7        |
| 2.10     | Matservering og skjenkeløyve.....                                      | 7        |
| 2.11     | Det blir ikkje gitt skjenkeløyve til: .....                            | 8        |
| 2.12     | Konseptendring ettermiddag/kveld.....                                  | 8        |
| 2.13     | Enkeltarrangement i offentlege forsamlingslokale .....                 | 8        |
| 2.14     | Ambulerande løyve eller løyve ved enkelthøve.....                      | 8        |
| 2.17     | Salsløyve til delvis sjølvbetjent eller ubemanna butikk.....           | 9        |
| 2.18     | Sunnfjord kommune vertskap .....                                       | 9        |
| 2.19     | Delegasjon og saksbehandling .....                                     | 10       |
| 2.20     | Opningstider for serveringsstader.....                                 | 10       |
| 2.21     | Gebyr for sal og skjenking.....                                        | 10       |
| 2.22     | Gjennomføring av kunnskapsprøva om alkohol .....                       | 10       |
| 2.23     | Løyveperiode.....                                                      | 10       |
| 2.24     | Kontroll og inndraging av sals- og skjenkeløyve.....                   | 11       |
| 2.25     | Gjennomføring av retningslinjene for sal og skjenking av alkohol ..... | 12       |



# 1 Innleiing

## 1.1 Formålet til alkohollova

§ 1-1.Lovens formål. Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer. Lova gjev kommunane stor fridom til å utforme sin eigen alkoholpolitikk tilpassa lokale tilhøve. Lova opnar også for bruk av skjønn ved handsaming av søknad om løyve.

Alkoholova § 1-7 d pålegg kommunen å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Denne fastset kommunen sin løyvepolitikk som skal gjennomføre alkohollova sitt formål; å redusere dei individuelle og samfunnsmessige skadane som alkoholbruk kan medføre. Effektive verkemiddel for å oppnå dette er å avgrense tilgangen på alkohol, ved til dømes regulering av sals- og skjenketider. Andre viktige tiltak er jamnlege kontrollar med sals- og skjenkestadane, og raske reaksjonar ved brot på regelverket. Kommunen sin alkohol- og løyvepolitikk må sjåast i samanheng med kommunen sine overordna planverk for rusmiddelpolitikk og folkehelse.

## 1.2 Målsetjingar for ruspolitikken i Sunnfjord kommune

Kommunen skal ha ein samordna ruspolitikk med felles sals- og skjenketider i heile kommunen, felles kontroll, samordna og felles rapportering, oppfølging og opplæring i samband med rusmiddelomsettinga i området.

Samordna førebyggjande innsats mot rusmisbruk gjennom styrking av kommunale tiltak, samarbeid med frivillige organisasjonar, kontakt med sals- og skjenkeverksemdar og kontakt med nærings-/arbeidslivet.

Sunnfjord kommune vil ha som mål å få til minimum to samarbeidsmøte med utelivsbransjen og salstadane for alkoholhaldig drikk i løyveperioden. Møte der både kommunen, bransjen, politi og kontrollinstans er med.

Kommunen skal sikre godt behandlings- og rehabiliteringsarbeid gjennom betre oversikt over den totale russituasjonen, auka kompetanse og samordne kommunal innsats.

Kommunen skal sikre brukarrettar, samordna innsats i rusarbeidet gjennom å styrke samhandlinga med andrelinjetenesta, og andre etatar/organisasjonar som politiet, konfliktrådet, rusettervernet m. fl.

Kommunen skal styrke kompetansen på rusfeltet gjennom samarbeid med Helse Førde, Høgskulen, Bergensklinikkane, KORUS og andre etter behov.

Dette arbeidet skal forankrast gjennom ulike planar i kommunen, hovudplanane for det førebyggjande arbeidet med rus ligg til plan for folkehelse og førebyggjande plan for barn og unge, "Saman om ein god oppvekst". I tillegg kjem retningslinjer for sal og skjenking av alkohol i Sunnfjord kommune.



## 1.3 Formålet med retningslinjer for sal og skjenking av alkohol

Alkoholova regulerer tilgjenge til alkoholhaldig drikk mellom anna gjennom løyvesystemet, ved fastsetting av vilkår for korleis sal og skjenking skal skje, sals- og skjenketider, eventuelt andre vilkår, samt kontroll med at vilkåra vert følgt. Lova inneheld også reglar som tar sikte på å påverke etterspørselen, som til dømes forbodet mot alkoholreklame. Alkoholova er difor ein god reiskap når kommunen skal utarbeide rusmiddelpolitisk tiltak.

### Forsking viser:

- At skadane som skjer i samfunnet på grunn av alkohol, vert påverka av kor mykje alkohol som vert konsumert.
- Rusførebyggjande arbeid skjer best ved tiltak som påverkar dei fleste til å redusere inntak av rus, i staden for å sette i verk tiltak for å få storforbrukarar til å redusere rusmisbruken.
- Auka tilgjenge av rusmiddel vil føre til auke i både totalkonsum og problemkonsum. Kor lett det er å få tak i rusmiddelet, og kor ofte ein får moglegheit til å få tak i rusmiddel, og kva prisen er, er avgjerande for kor mykje rusmiddel som vert konsumert.

Formålet med retningslinjer for sal og skjenking av alkohol Alkoholbruk er blant dei viktigaste risikofaktorane for helsetap og tidleg død. Alkohol er årsak til betydelege helsemessige og sosiale problem i samfunnet.

### Hovudpunkt i frå folkehelseinstituttet:

- Vi drikk i gjennomsnitt over 7 liter rein alkohol per år, rekna per innbyggjar over 15 år.
- Det registrerte forbruket auka kraftig frå 1990 og fram til 2008, men har deretter gått noko ned.
- Menn drikk oftare og i gjennomsnitt dobbelt så mykje alkohol som kvinner.
- Eldre drikk oftare, men mindre alkohol enn yngre.
- Vi drikk vesentleg mindre alkohol i Noreg enn i dei fleste europeiske land, rekna per innbyggjar på 15 år og over.
- Cannabis er det mest brukte narkotiske stoffet i den norske befolkninga.
- Bruk av alkohol og ulovlege rusmiddel er blant dei viktigaste risikofaktorane for død og tapte friske leveår i befolkninga.
- Alkohol er årsak til betydeleg meir helsemessige og sosiale problem i samfunnet enn narkotika. Det er ingen skarpe skilje mellom bruk og skadeleg bruk.



## 2 Retningslinje for sals- og skjenkeløyve

### 2.1 Gruppeinndeling alkoholholdig drikk:

|                   |                          |
|-------------------|--------------------------|
| Alkoholfri drikk  | Under 0,7 %              |
| Alkoholsvak drikk | 0,7% - 2,5 %             |
| Gruppe 1          | Over 2,5 % - høgast 4,7% |
| Gruppe 2          | Over 4,7 % - høgast 22 % |
| Gruppe 3          | Over 22 % - høgast 60 %  |

Alkoholsvak drikke er ikkje omtala som del av alkoholgruppe 1. Må vere 18 år for å kjøpe alkoholsvak drikke. Selgar må også ha fylt 18 år.

### 2.2 Vinmonopol

Sunnfjord kommune skal ha eit monopolutsal (Vinmonopolet) for sal av drikk som inneheld meir enn 4,7 volumprosent alkohol (gruppe 2 og 3) og butikksal for sal av alkoholholdig drikk som inneheld inntil 4,7 volumprosent alkohol (gruppe 1). Salstidene for Vinmonopolet vert fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet.

### 2.3 Salstider

Salsløyve for alkoholholdig drikk gr. 1 (øl, cider og rusbrus) i butikk, omfattar ikkje E-handel og utkøyring, berre utlevering over disk.

| Dagstype – dag/høgtid               | Salstid       | Merknad                               |
|-------------------------------------|---------------|---------------------------------------|
| Kvardagar mån – fre                 | 08:00 – 20:00 | Kommunen kan fastsette kortare tid    |
| Laurdag                             | 08:00 – 18:00 | Kan avgrensast ytterlegare            |
| Dagar før søn – og heilagdagar      | 08:00 – 18:00 | Gjeld også laurdag før heilagdag      |
| Søndag og heilagdagar               | Ikkje sal     | Sal er forbode                        |
| Juleafta, 1. og 17. mai             | Ikkje sal     | Definert som raude dagar/høgtidsdagar |
| Valdagar                            | Sal           | Kommunen kan vedta dette              |
| Påskeafta, pinseafta og nyttårsafta | 08:00 – 15:00 | Kan avgrensast av kommunen            |

#### Definisjonar:

- **Kvardag:** Måndag til fredag som ikkje er heilagdag eller raud dag
- **Helgedag:** Vanlegvis laurdag og søndag. I alkohollova er laurdag rekna som kvardag, men med mogelegheit for egne salstider.

- **Heilagdag:** Offisielle religiøse eller nasjonale fridagar, som 1. nyttårsdag, skjærtorsdag, langfredag, 1. og 2. påskedag, Kristi himmelfartsdag, 1. og 2. pinsedag, 1. og 2. juledag.

## 2.4 Bryggeri

For bryggeri i Sunnfjord kommune som etablerer eigen netthandel for distribusjon av sine produkt, vert det ikkje tillate utkøyring til privatpersonar. Bestilt vare vert utlevert over disk i bryggerilokala eller i anna godkjend lokale, eller gjennom godkjent distributør og sal over disk i butikk eller på Vinmonopolet.



## 2.5 Konseptbeskriving

Søknader om skjenkeløyve skal gi ein fyldig oversikt/konseptskildring der det skal gå klart fram kva som er bedrifta si primær- og eventuelt sekundærverksemd (restaurant, kafé med opningstid på dagtid osv.), og kven som er bedrifta si målgruppa (familiar med barn, vaksne over 18 år eller eldre osv.). Vidare skal det ligge føre opplysningar om lokala og tiltak som er sett i verk for at alkoholpolitiske omsyn er ivaretekne. I vedlegg til søknaden skal det følgje med teikningar over skjenkeareal med tal plassar, der det også går fram korleis skjenkeareal ute vert avskjerma. Opplysningane skal kunne etterprøvast i samband med kontroll. Endring av konsept inneber ny søknad om løyve.

Verksemder med særegna konsept og/eller plassering kan vurderast å gi generelt skjenkeløyve, sjølv om ein ikkje er innafor alle retningslinjene T.d. turisme, kultur, o.l

## 2.6 Tal skjenkestader

Det vert ikkje sett tak på tal skjenkestadar, men det vert gjort ei grundig vurdering av alle søknader for å unngå ein stor auke i talet på skjenkestadar i Sunnfjord kommune.

## 2.7 Enkeltarrangement for ungdom under 18 år

Verksemder som har skjenkeløyve skal avstå frå å skjenke alkohol i samband med enkeltarrangement som er retta mot ungdom under 18 år.

## 2.8 Generelt skjenkeløyve

Generelt skjenkeløyve for alkohol, gruppe 1, 2 eller 3 (øl, vin og brennevin) kan gjevast til hotell, restaurantar, pubar, restaurantliknande konsept og serveringsverksemder avgrensa mot eit vakse publikum der kommunen meiner at staden sin karakter tilseier at alkoholservering kan forsvrast, jf. Alkoholova § 1-7A

Det skal vurderast i høve til kvar einskild søknad, kva alkoholklasse som kan serverast. Staden sin karakter, plassering, målgruppe, trafikk og ordensmessige forhold. Hensynet til næringspolitikk og lokalmiljø må takast med i vurderinga.

## 2.9 Utearrangement

Ved utearrangement med alkoholservering skal alkoholserveringa skje på avgrensa område utan tilgang for barn og unge under 18 år.

## 2.10 Matservering og skjenkeløyve

For verksemder som har matservering og skjenkeløyve vert det stilt strengare krav til forsvareg vakthald etter kl. 23.00 og fram til verksemda stenger. Serveringsstaden må vurdere vakthaldet ut i frå serveringsstaden sin størrelse og tal kundar. Det vert stilt krav om at vaktene skal ha gjennomgått dørvaktkurs eller kurs i Ansvarleg Alkoholhandtering i Sunnfjord kommune.



## 2.11 Det blir ikkje gitt skjenkeløyve til:

- Stadar som er spesielt retta mot barn og ungdom
- Uteservering i soner opptil fellesareal der det oppheld seg barn og unge
- Idrettsarrangement
- Kantiner, kaféar, konditori, kioskar, frisørsalongar, gatekjøkken, bensinstasjonar og liknande
- Verksemdar som kan verke unødige forstyrrande på ro og orden
- Lokale som er utforma slik at oversikt og kontroll er vanskeleg å gjennomføre

## 2.12 Konseptendring ettermiddag/kveld

Verksemdar under punkt 2.10 som viser konseptendring på ettermiddag/kveld som er i tråd med retningslinjene kan det likevel vurderast å gi generelt skjenkeløyve frå kl. 16:00.

Skjenkestadane må søkje på nytt dersom det er endringar på konseptet som kan ha relevans eller betydning for vurdering av skjenkeløyve. Vurdere om noko av dette kan handsamast administrativt/delegert.

## 2.13 Enkeltarrangement i offentlege forsamlingslokale

Løyve til servering av alkohol, gruppe 1 og 2 (øl og vin) ved enkeltarrangement kan gjevast i offentlege forsamlingslokale, men ikkje i kombinasjon med idrettsaktivitetar og liknande.

## 2.14 Ambulerande løyve eller løyve ved enkelthøve

Ambulerande løyve eller løyve ved enkelthøve kan gjevast så lenge dei ikkje er i strid med punkt 2.10. Sunnfjord kommune har oppretta 8 ambulerande skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1,2 og 3.

### Definisjonar:

Ambulerande skjenkeløyve:

Du skal servere alkohol mot betaling i eit lukka selskap som t.d. bursdag, bryllaup, jubileum eller firmaarrangement. Du søker då om ambulerande skjenkeløyve.

Skjenkeløyve ved enkelthøve:

Du skal ha eit arrangement som er ope for publikum, i lokale som er utan skjenkeløyve eller utandørs på eit avgrensa område. Du søker då om eit skjenkeløyve for eit enkelthøve.

Lukka lag/selskap:

Med slutta selskap meinast at det allereie, og før skjenkinga startar, er danna ein slutta krets av personar, som samlast for eit bestemt føremål i eit bestemt lokale, f. eks til bryllaup, konfirmasjon, jubileum osv.



## 2.15 Generelle sals - og skjenketider i Sunnfjord kommune

Tabell for sal- og skjenketider:

Alkohol, gruppe 1 og 2 (øl og vin) – inne Alle dagar frå 08:00 til 02:00

Alkohol, gruppe 1 og 2 (øl og vin) – ute Søndag - torsdag frå 08:00 til 24:00

Alkohol, gruppe 1 og 2 (øl og vin) – ute Fredag - laurdag frå 08:00 til 02:00

Alkohol, gruppe 3 (brennevin) – inne Alle dagar frå 13:00 til 01:00

Alkohol, gruppe 3 (brennevin) – ute Søndag - torsdag frå 13:00 til 24:00

Alkohol, gruppe 3 (brennevin) – ute Fredag – laurdag frå 13:00 til 01:00

Sal i butikk (øl) Måndag - fredag 08:00 til 20:00 Laurdag frå 08:00 – 18:00

## 2.16 Avgrensa løyve

Dersom det er særskilte utfordringar knytt til området, lokala og serveringstilhøva med omsyn til kontroll, miljø og trafikk, kan løyve til å servere alkoholhaldig drikk **ute** nektast eller gjevast med avgrensa sals- og skjenketider.

## 2.17 Salsløyve til delvis sjølvbetjent eller ubemanna butikk

Sunnfjord kommune kan innvilge salsløyve for alkoholhaldig drikk alkoholgruppe 1 til delvis sjølvbetjent eller ubemanna butikk, dette etter bestemte reglar og innafør gjeldande salstider.

Vilkår for slikt salsløyve er at bedrifta har innført avansert kamerateknologi og tilgangsstyring (butikkstyring- teknologi). Kunden må legitimere seg med Bank-ID då alkoholhaldig drikk alkoholgruppe 1 er aldersbestemt vare.

All alkohol står i skap med spesiallåsar kobla til avansert styringssystem. Det er og tidsstyring på låsane som automatisk opnar og lukkar skåpa i henhold til kommunen sine ytre salstider for alkohol. Bedrifta må etablere beredskap som er tilgjengeleg i opningstida, spesielt i tidsrommet salsløyve for alkoholhaldig drikk gjeld.

## 2.18 Sunnfjord kommune vertskap

Ordføraren kan gje løyve til å servere alkohol ved tilskipingar der Sunnfjord kommune er vertsskap.



## 2.19 Delegasjon og saksbehandling

Delegasjon og saksbehandling etter alkohollova følger av Sunnfjord kommune sitt administrative delegasjonsreglement:

Det vert gitt delegert mynde til kommunedirektøren (administrasjonen) til å avgjere søknadar om:

- Ambulerande skjenkeløyve løyve (§4-5),
- Sals- og skjenkeløyve ved enkeltarrangement (§1-7).
- Godkjenning av styrar og varastyrar (§1-7c, 2 ledd).
- Endring av sals- og skjenketider i einskildhøve (§§3-7, 4-4)
- Utviding av skjenkeareal ved einskildhøve (§4-2, siste ledd)
- Gjere vedtak på søknad om enklare endringar ved sal og skjenking
- Ny søknad om sals- og skjenkeløyve ved verksemdsoverdragelse (utval for helse og omsorg får vedtaket til orientering)

## 2.20 Opningstider for serveringsstader

Serveringsstader kan halde opent mellom **kl. 06:00 og kl. 03:00** (matservering). Kommunestyret kan fastsette reduserte opningstider for den enkelte serveringsstad. Kommunestyret gir formannskapet mynde til, når særlege grunnar ligg føre, å gi løyve til å lukke seinare eller opne tidlegare enn til dei tider som er fastsett for kommunen.

Bensinstasjonar og storkioskar vert unnateke frå opningstida, med mindre formannskapet i enkelte tilfelle bestemmer noko anna.

## 2.21 Gebyr for sal og skjenking

Skjenkeavgiftene vert fastsett i samsvar med gjeldande forskrifter fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet. Avgiftene vert sett utifrå den inntekta ein kan vente at løyvet vil kunne gi, på bakgrunn av tal for omsetjing i den einskilde verksemda året før. For nye løyver vert avgifta fastsett etter skjønn. Manglande innbetaling vert sett på som brot på alkohollova jf. § 7-1, og § 1-8 og kan medfører prikkbelastning og inndraging av løyvet.

Gebyrinntektene skal nyttast uavkorta til kommunen si utøving av kontroll med sals- og skjenkestadane og til arbeid og tiltak innan førebyggjande rusmiddelarbeid.

## 2.22 Gjennomføring av kunnskapsprøva om alkohol

Sunnfjord kommune vil legge til rette for å gjennomføre kunnskapsprøver for styrar og varastyrar i verksemdar som har eller søker om kommunalt sals- og skjenkeløyve, jf. alkohollova § 1-7c.

## 2.23 Løyveperiode

Løyve til sal og skjenking gjeld som hovudregel for fire år, med opphøyr 30. september året etter at nytt kommunestyre tilttrer.



For dei som har endringar på skjenkeløyvet for neste periode, må dei søkje om nytt løyve. Slike endringar kan vere ny skjenkestyrar, endring på skjenketider, endring på skjenkeareal, organisatoriske endringar og eigarforhold eller anna.

I følge ny alkohollov § 1-6 (gjeldande frå 1. januar 2016) kan løyve vidareførast for ein ny fireårsperiode utan at ny søknad vert sendt inn til kommunen.

I Sunnfjord kommune vil det ikkje bli stilt krav om ny søknad kvart fjerde år, men eit krav om innrapportering/stadfesting på at alle opplysningar om eigar- og styrartilhøve er rett. Før ny løyveperiode byrjar, føretekk kommunen vandelssjekk av alle aktørar med vesentleg innflytelse over drift og alkoholomsetnad (dagleg leiar, styrar og nestleiar for løyvet).

Om sals- og skjenkepolitikken vert vidareført uendra i neste periode, vil det i saker kor det ikkje er ynskja endringar på løyvet eller merknader til vandel eller politimessige forhold, kunne treffast vedtak om at løyva vert vidareført.

Sunnfjord kommune vil også førebehalde seg retten til å be om ny søknad dersom noko er uklart eller det er sakeleg grunn for det.

## 2.24 Kontroll og inndraging av sals- og skjenkeløyve

### **A. Utval for helse og omsorg er kontrollnemnd for saker etter alkohollova.**

Lovpålagt kontroll med sal og skjenking skal gjennomførast så ofte som behovet tilseier, men kvar stad skal kontrollerast minst to gonger årleg. Det skal utførast minst tre gonger så mange kontrollar som kommunen har sals- og skjenkestadar (Alkoholforskrifta § 9-7).

Kontrollane skal gjennomførast på tidspunkt der det er mest truleg at ein vil kunne avdekke eventuelle tilhøve som skal påtalast.

Kontrollen skal vere meir rettleiing til bransjen enn kontroll.

Bedriftene som får tildelt sals- og skjenkeløyve skal etablere internkontrollsystem som skal innhalde system der verksemda kan kontrollere seg sjølv, at dei driv innafor gjeldande lover og dei vilkår som er bestemt. Internkontrollsystemet skal alltid leggjast fram for kontrollør når dei kjem på «besøk». Kontrollør vil rettleie verksemda med å bygge opp internkontrollsystem.

Interkontrollsystemet (gjern i perm eller digitalt) skal innhalde dokumentasjon som gjeld; konseptbeskriving, avvikssystem, godkjend løyvevedtak, organisasjonskart, oversikt over tilsette, oversikt over lover som gjeld for verksemda, dokumentasjon og vitnemål at dei ansvarleg har godkjend kunnskapsprøve i Alkohollova og godkjend etablerarprøve. Dokumentasjon på at vakter har godkjend kurs i vakthald. Dersom ein leiger vakthald frå byrå må ein få dokumentasjon frå den verksemda om godkjend kurs i vakthald.

Kommunedirektøren får fullmakt til å inngå avtale med kontrollør eller kontrollverksemd.

## **B. Inndraging og prikktildeling**

Sals- og skjenkeløyva kan verte inndratt for resten av perioden, eller for ei kortare tid, dersom vilkåra omandel ikkje er oppfylt, eller dersom løyvehavar ikkje oppfyller sine plikter etter alkoholova.

Ved brot på alkoholova skal kommunen tildele prikkar etter eit system som går fram av alkoholforskrifta kapittel 10.

## **C. Kommunen sine rutinar ved brot**

Der det ligg føre grunnlag for prikktildeling, skal kommunen sende ut førehandsvarsel om tildeling av prikkar, jf. Forvaltningslova § 16.

Kommunedirektøren fattar enkeltvedtak om tildeling av prikkar. Løyvehavar skal i samband med vedtaket bli orientert om moglege konsekvensar ved fleire prikktildelingar.

Vedtak om prikktildeling er enkeltvedtak som kan påklagast. Også sjølv inndragingsvedtaket kan påklagast.

## **2.25 Gjennomføring av retningslinjene for sal og skjenking av alkohol**

Retningslinjene skal rullerast innan juni månad 2028. Kommunedirektøren er ansvarleg for å organisere det praktiske arbeidet i samband med rulleringa.

